



## Møteprotokoll

**Utval:** Kommunestyret

**Møtestad:** Skype - -

**Dato:** 09.02.2021

**Tid:** 17:00 -21:00

### Faste medlemmer som møtte:

Namn	Parti	Funksjon
Bjarne Eiolf Holø	SP	Ordførar
Marit Sletten	SP	Varaordførar
Rolv Enersvold	SP	Medlem
Odd Arne Kroken	SP	Medlem
Torstein Garmo	SP	Medlem
Eva Birgitte Stee	SP	Medlem
Arnstein Rusten	SP	Medlem
Sigrun Garmo	AP	Medlem
Tomas Sørhage	AP	Medlem
Malin Sætre	AP	Medlem
Bjørn Ola Aukrust	AP	Medlem
Kjell Brandsar	LL	Medlem
Linda Løberg	LL	Medlem
Torgeir Garmo	LL	Medlem
Jeanette Andersson Schakenda	LL	Medlem
Trond Volden	BL	Medlem
Kristian Frisvold	BL	Medlem

### Varamedlemmer som møtte:

Namn	Parti	Funksjon

### Faste medlemmer som ikke møtte:

Namn	Parti	Funksjon

### Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Trond Byre-Haakensen	Kommunalsjef samfunnsutviling, kultur og fellestenester

**Merknad i møte:**

Andre som møtte:

Elin Fjeldberg

Synne Skogsrød

Herdís Kvamme Repp

**OPEN POST:**

**1. Kringsjåtunet**

Forslag til uttale fra Arbeiderpartiet:

Sjukehuset Innlandet har vedteke å nedlegge Kringsjåtunet.

Dette er noko som vi i Lom Arbeidarparti er sterkt imot og som vi jobber imot.

Vi foreslår at vi kommunestyret stemmer over følgende.

Lom kommunestyre krever at sjukehuset Innlandet gjer om sin avgjering om å legge ned Kringsjåtunet og at det Kringsjåtunet oppretthaldast.

**2. Tilflyttingsarbeid:**

Senterpartiet la fram eit notat til drøfting i kommunestyret med forslag til ulike tiltak for å styrke tilflyttingsarbeidet. Notatet inneholder informasjon som er å rekne som intern saksførebuing og blir ikkje lagt ved protokollen, jf. ofl § 14.

Kommunestyret sluttar seg til initiativet frå Senterpartiet og oppmoda gruppeleiarane og dei politiske utvala om å arbeide vidare med tiltaka som er beskrive i notatet med tanke på å få fram ei sak til kommunestyret 9.3.21

**3. Administrasjonssjefen orienterte:**

Kommunestyret vedtok 15.12.2020 i sak 65/2020 å slutte seg til felles politiråd for Nord-Gudbrandsdal og vedtok nye politivedtekter. I vedtaket står det at vedtekten skal ut på høyring frå 04.01.21-01.02.21. Denne fristen har administrasjonen av ulike årsakar ikkje klart å overhalde. Politivedtekten er nå sendt ut på høyring med frist 31.3.21. Saka skal etter planen opp til endeleg behandling i kommunestyret 4.5.21.

Administrasjonen utarbeidar gjennomføringsplanar på dei einskilde tenesteområda for å operasjonalisere og prioritere tiltak i handlingsplan og økonomiplan.

Gjennomføringsplanane vil danne grunnlag for administrasjonssjefen sin rapport til kommunestyret fyrste og andre tertial.

**4. Ordførar orienterte:**

Kommunal kriseleiing har beslutta som eit førebyggande koronatiltak at møteromma på Midtgard skal vere stengde fram til påske. Det vil seie at politiske møter inntil vidare skal gjennomførast digitalt.

*Møteprotokollen blir godkjent i neste møte*

## Saksliste

<b>Utval-saksnr.</b>	<b>Innhald</b>
OS 2021/1	Orienterings- og drøftingssaker 09.02.2021
RS 2021/1	Kundebrev 2/2020
RS 2021/2	Tilsynskalender 2021 på høyring
RS 2021/3	Invitasjon til å bygge ny kommune i Nord-Gudbrandsdal
RS 2021/4	Aktuelt frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet
RS 2021/5	Oppsummering frå spørjeundersøking om Gudbrandsdal Slakteri AS
RS 2021/6	Fwd: GRANHEIM LUNGEZYKEHUS
RS 2021/7	Høyringssvar NOU 2020:12 - Næringslivets betydning for levende og bærekraftige lokalsamfunn - Distriktsutvalget
PS 2021/3	Vertskommuneavtale interkommunal fysioterapi- og ergoterapiteneste for Lom kommune og Skjåk kommune
PS 2021/4	KS ynskjer innspel til debathefte "KS spør- omstilling i Koronaens tid"
PS 2021/5	Høyringsinnspel til Stortinget sin helse- og omsorgskomite om Granheim lungesjukehus
PS 2021/6	Plan for forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll 2020-2023
PS 2021/7	Felles innkjøpsstrategi for kommunane i Nord-Gudbrandsdal
PS 2021/8	Strategisk plan - Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal 2021-2024 - høyring
PS 2021/9	Dagsturhytte innlandet - Lom kommune sin deltaking
OP 2021/1	Open post

---

## **OS 2021/1 Orienterings- og drøftingssaker 09.02.2021**

**Saksprotokoll i Kommunestyret 09.02.2021:**

### **Behandling**

#### **1. Røde kors**

Representantar frå Lom og Bøverdalen Røde kors demonstrerte dronekapasitet.

#### **2. Gudbrandsdal slakteri**

Representantar frå Gudbrandsdal slakteri, Fatland og Jæder orienterte om status i planane for å etablere nytt slakteri, svarte på spørsmål frå kommunestyrerrepresentantane.

#### **3. Ny sjukehussstruktur**

Ordførar refererte frå møte med Sjukehuset Innlandet og Helse Sørøst, og viste til protokoll frå formannskapet 02.02.21. Vidare vart det referert til møte som vart helde 09.02.2021 mellom helseministeren og alle ordførarane i Innlandet. I forkant av kommunestyremøte vart det utsendt uttalene som var presentert i møte med helseministeren. Ordførar refererer til desse.

***Kommunane i Nord-Gudbrandsdalen er dei kommunane i Innlandet som har lengst reiseveg til sjukehus.***

*Lange reise avstandar og krevjande vêrforhold i vinterhalvåret gjer at plasseringa av både hovudsjukehus og akuttsjukehus betyr mykje for innbyggjarane i Nord-Gudbrandsdalen. I 2017 vedtok 6 kommunestyrer samtidig og samrøystes å støtte målbilde med å samle viktige funksjoner i eit nytt sjukehus plassert ved Mjøsbrua. Kommunestyra gjorde dette vedtaket vel vitande om at det kunne føre til lengre reise veg til sjukehuset, men vekta at det totale spesialisthelse tilbodet til våre innbyggjarar ville bli styrka. Dette var også i tråd med det brukarutvalet meinte for at pasientane skulle sleppe å verta frakta "mjøsa rundt" for å få komplett behandling. Når styret i SI og HSØ seinare stadfesta i foretaksmøte i HSØ den 8 mars 2019 endra målbilde til å omhandle ei funksjonsfordeling mellom fleire sjukehus endra dette bilde seg. Dette har skapt stor usikkerheit både blant politikare og ikkje minst blant våre innbyggjarar om vi fortsatt ville få det beste tilbodet for Nord Gudbrandsdalen.*

*Vi står fortsatt fast på at vi støttar ei plassering av nytt hovudsjukehus ved Mjøsbrua (seinare nemnt som Moelv), slik helseministeren også presiserte i SI sin perspektivkonferanse i februar 2019.*

*Forutsetningen for dette er at SI/HSØ vil syrgje for å desentralisere dei spesialisthelsefunksjonane som er mogleg til Nord-Gudbrandsdal lokalmedisinske senter på Otta, og at dei prehospitale tenestene i Nord-Gudbrandsdalen skal styrkast. Vi har også vore klare på at det er uaktuelt for Nord-Gudbrandsdalen og bli innlemma i opptaksområde til akuttsjukehuset på Tynset. Det er vidare viktig*

*for Nord-Gudbrandsdalen at det andre "store" akuttsjukehuset vert plassert på Lillehammer. Nord-Gudbrandsdalen støttar at det vert etablert ei ny luftambulanse base sør i fylket i tillegg til basen på Dombås.*

*Når helseministeren ynskjer svar på dei to spørsmåla som er stilt til dette møte, må vi berre vise til dei vedtaka vi alt har. Det er ingen av ordførarane i Nord-Gudbrandsdalen som har noko anna mandat før kommunestyra har gjeve sin uttale til det nye høringsbrevet med frist satt til 22. mars 2021.*

*Vi vil på nytt be statsråden om å ta hensyn til dei ekstremt lange avstandane som Nord-Gudbrandsdalen har både til akuttsjukehus og hovedsjukehus.*

*Ny sjukehusstruktur må sikre gode spesialisthelsetenester i heile fylket og ein effektiv ressursbruk til pasientanes beste. Sjukehusstrukturen må ivareta beredskapshensyn, blant anna for å møte mulige pandemisituasjonar i framtida.*

#### ***Helseminister Høie – sjukehusstruktur – psykisk helse***

*Vi ser med bekymring på at det er planlagt å ta ned så mange sengeplasser i psykiatrien. Frå 280 til 170 sengeplasser. Nedskaleringa er i gang, Bredebygden distrikts psykiatriske senter vart lagt ned i 2020. Det nærmeste distriktspsykiatriske senteret er på Lillehammer med svært få plassar. Ambulant FACT-team er så vidt i gang nå, og i utgangspunktet eit forsøksprosjekt da ordninga ikkje er prøvd ut i langstrakte distrikt før. Nord Gudbrandsdalen har felles legevakt- legevakta melder om ei markant auke i tal konsultasjonar og tidsbruk på psykisk helse. Politi og ambulanse melder om auke i oppdrag for psykisk helse. Vi har ei aukande utfordring med pasientar som er så därlege at kommunal heimeteneste ikkje er nok, er det meininga vi skal bygge opp kommunale institusjonar med spesialistkompetanse? Kvifor er det ikkje planlagt evaluering og erfaringsutveksling med kommunane på den dreininga som er gjort i voksepsykiatrien før ein tek same grep for barn/ungdom?*

*Nasjonal skal dreiling i tenesta skje frå sjukehus til distrikts psykiatriske sentra. I Innlandet er dreilinga motsatt. Nå sist med nedlegging av Kringsjåtunet, psykiatrisk døgnbehandling for barn/ungdom (12-18) på Lillehammer skal flyttes til Sanderud, plasser skal kuttes. Næraste døgnbehandling for barn/ungdom med alvorlege psykiske lidinger 25 mil frå kommunen. Ambulante team tilknytte døgnavdelinga får ei reisetid på 3 t og 40 min. Kringsjåtunet er vedteke nedlagt frå 02.08.2021, gjennomføringsprosjektet skal vera avslutta frå 1.12.2021, konkretisering av oppdraget for 2022 vil bli gitt innan 1.11.2021. Kringsjåtunet hadde ventelister fram til 2019, nå blir avdelinga nedlagt før planlegging og konkretisering av innhald er klart på Sanderud. Kommunane har ikkje vore involvert i*

*prosessen med nedtak av døgntilbod til barn og ungdom, men kommunal helseteneste melder om aukande behov for helsehjelp og fleire komplekse saker. Korleis er det tenkt at ambulant team på Sanderud skal kunne serve heile Innlandet og få ein god fagleg prosess saman med kommunane? Kva vil helseministeren gjera for at vi skal få likeverdige tenester i heile Innlandet?*

#### **4. Digital årsmelding**

I møte 2. februar drøfta formannskapet forslag frå administrasjonssjefen om å lage ein digital årsmelding for rekneskapsåret 2020. Formannskapet ynskte å sende saka vidare til kommunestyret for drøfting.

Tidligare år har kommunestyret i Lom vedteke ein årsmelding ved årsslutt som ein kombinasjon av den lovpålagde *årsberetningen* (jf. kl. § 14-7) og ei breiare anlagt årsmelding som oppsummerer den kommunale aktiviteten i året som har gått.

Årsberetningene skal redegjøre for:

- a) forhold som er viktige for å bedømme den *økonomiske utviklingen og stillingen*, og om den økonomiske utviklingen og stillingen ivaretar den økonomiske handleevnen over tid
- b) vesentlige *beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsregnskapet*, og vesentlige avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene
- c) virksomhetens *måloppnåelse og andre ikke-økonomiske forhold* som er av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen eller innbyggerne
- d) tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre en *høy etisk standard*
- e) den faktiske tilstanden når det gjelder *kjønnslikestilling*
- f) hva kommunen eller fylkeskommunen gjør for å oppfylle *arbeidsgivers aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven* § 26.

Administrasjonssjefen legg fram forslag om at Lom kommune for rekneskapsåret 2020 deler årsmeldinga slik at kommunestyret får den lovpålagde *årsberetningen* til behandling saman med årsrekneskapen, og at det i staden for ei årsmelding på papir lagast ein digital årsmelding.

Viktige spørsmål å drøfte i den samanheng er:

- Kven er målgruppa for ei slik årsmelding?
  - Innbyggjarar i Lom

- Politikarar
  - Tilsette i Lom kommune
  - Media
  - Potensielle nye innbyggjarar
- Kva skal vere hensikten med ei digital årsmelding?
    - Omdømmebygging
    - Informasjon om den kommunale verksemda
    - Skape stoltheit/identitet
    - Nå fleire gjennom digitale kanalar
    - Gjenbruk i andre samanhenger
  - Kva for format skal den ha?
    - Film
    - Tekst og bilet

Som eit døme på ein digital årsmelding syner ein til Sel kommune sine årsmeldingar

Kommunestyret ble invitert til å drøfte om Lom kommune skal utarbeide ei årsmelding i same format som tidligare år, eller om administrasjonen får fullmakt til å utarbeide ei digital årsmelding i tillegg til den lovpålagde årsberetninga.

---

## **RS 2021/1 Kundebrev 2/2020**

**Saksprotokoll i Kommunestyret 09.02.2021:**

### **Behandling**

### **Vedtak**

Kommunestyret tek referatsaka til orientering.

---

## **RS 2021/2 Tilsynskalender 2021 på høyring**

**Saksprotokoll i Kommunestyret 09.02.2021:**

**Behandling****Vedtak**

Kommunestyret tek referatsaka til orientering.

---

**RS 2021/3 Invitasjon til å bygge ny kommune i Nord-Gudbrandsdal**

**Saksprotokoll i Kommunestyret 09.02.2021:**

**Behandling****Vedtak**

Kommunestyret tek referatsaka til orientering.

---

**RS 2021/4 Aktuelt frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet**

**Saksprotokoll i Kommunestyret 09.02.2021:**

**Behandling****Vedtak**

Kommunestyret tek referatsaka til orientering.

---

**RS 2021/5 Oppsummering frå spørjeundersøking om Gudbrandsdal Slakteri AS**

**Saksprotokoll i Kommunestyret 09.02.2021:**

**Behandling****Vedtak**

Kommunestyret tek referatsaka til orientering.

---

**RS 2021/6 Fwd: GRANHEIM LUNGEKYKEHUS**

**Saksprotokoll i Kommunestyret 09.02.2021:**

**Behandling****Vedtak**

Kommunestyret tek referatsaka til orientering.

Ordførar viser til eige saksframlegg.

---

**RS 2021/7 Høyringssvar NOU 2020:12 - Næringslivets betydning for levende og bærekraftige lokalsamfunn - Distriktsutvalget**

**Saksprotokoll i Kommunestyret 09.02.2021:**

**Behandling**

**Vedtak**

Kommunestyret tek referatsaka til orientering.

---

**PS 2021/3 Vertskommuneavtale interkommunal fysioterapi- og ergoterapiteneste for Lom kommune og Skjåk kommune**

**Saksprotokoll i Kommunestyret 09.02.2021:**

**Behandling**

**Vedtak**

- 1.Kommunane Lom og Skjåk etablerer ei interkommunal fysioterapi- og ergoterapiteneste med Lom kommune som vertskommune frå 1. mars 2021. Dei to kommunane inngår avtale om administrativt vertskommunesamarbeid etter kommunelova § 20-2.
- 2.Lom kommune overtek arbeidsgjevaransvar for dei tilsette frå gjeldande dato for inngåing av vertskommunesamarbeidet.
- 3.Tenesta blir lokalisert med hovudkontor og felles arkiv i Lom, men med kontorstad også i Skjåk.
- 4.Det skal være likeverdige tilbod i Lom og Skjåk.
- 5.Utarbeidd vertskommuneavtale for interkommunal fysioterapi- og ergoterapiteneste for Lom og Skjåk med Lom kommune som vertskommune blir godkjend.

---

**PS 2021/4 KS ynskjer innspel til debathefte "KS spør- omstilling i Koronaens tid"**

**Saksprotokoll i Kommunestyret 09.02.2021:**

**Behandling**

Forslag til vedtak frå Sp

- 1 Det viktigaste kommunen kan gjera er å bruk tid på kompetanseheving blant medarbeidere for å få

metodikk og verkty til å jobbe innovativt. I tillegg er samarbeid og koordinering på tvers av sektorar viktig. For å få til dette trengst resursar som tid og økonomi.

2 I tillegg til kommuneøkonomien er det slik at eit stadig aukande omfang av oppgåver som kommunen må løyse, er ein avgrensande faktor.

3 KS må hjelpe kommunane ved å hindre at fleire nye oppgåver blir overført til kommunane utan at tilstrekkelig økonomi er godt sikra.

4 Vidare satsing på tidleg innsats er viktig. Dette er noko som kommunen over tid har hatt fokus på og treng handlefriheit til å fortsette arbeidet med. Elles er samarbeidet med NAV særsviktig.

5 Statlig bestemt bemanningsnorm i barnehage og skule legg ei klam hand kring det lokale sjølvstyret og kan utfordre dei lokale tilpassingane for å oppnå til dømes tidleg innsats.

6 Det er ynskjeleg at KS bidreg med prøveprosjekt, pilotar og erfaringsdeling for å forebygge ung utanforskap. Særleg prosjekt der kommunen sine tenesteområder som kulturskule og helse og omsorg blir brukt som arenaer for prosjekt, er interessant for kommunen. Samt prosjekt der det friviljuge idretts- og kulturlivet blir arena for målretta arbeid med førebygging av utanforskap.

## Vedtak

Lom kommune har fylgjande innspel til debattheftet "KS spør - omstilling i koronaens tid":

1. Det viktigaste kommunen kan gjera er å bruk tid på kompetanseheving blant medarbeidere for å få metodikk og verkty til å jobbe innovativt. I tillegg er samarbeid og koordinering på tvers av sektorar viktig. For å få til dette trengst resursar som tid og økonomi.

2. I tillegg til kommuneøkonomien er det slik at eit stadig aukande omfang av oppgåver som kommunen må løyse, er ein avgrensande faktor.

3. KS må hjelpe kommunane ved å hindre at fleire nye oppgåver blir overført til kommunane utan at tilstrekkelig økonomi er godt sikra.

4. Vidare satsing på tidleg innsats er viktig. Dette er noko som kommunen over tid har hatt fokus på og treng handlefriheit til å fortsette arbeidet med. Elles er samarbeidet med NAV særsviktig.

5. Statlig bestemt bemanningsnorm i barnehage og skule legg ei klam hand kring det lokale sjølvstyret og kan utfordre dei lokale tilpassingane for å oppnå til dømes tidleg innsats.

6. Det er ynskjeleg at KS bidreg med prøveprosjekt, pilotar og erfaringsdeling for å forebygge ung utanforskap. Særleg prosjekt der kommunen sine tenesteområder som kulturskule og helse og omsorg blir brukt som arenaer for prosjekt, er interessant for kommunen. Samt prosjekt der det friviljuge idretts- og kulturlivet blir arena for målretta arbeid med førebygging av utanforskap.

Samrøystes

---

**PS 2021/5 Høyringsinnspeil til Stortinget sin helse- og omsorgskomite om Granheim lungesjukehus**

**Saksprotokoll i Kommunestyret 09.02.2021:**

**Behandling**

**Vedtak**

Lom kommunestyre vedtek høyringsinnspelet som er framlagt i saka.

Samrøystes

---

**PS 2021/6 Plan for forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll 2020-2023**

**Saksprotokoll i Kommunestyret 09.02.2021:**

**Behandling**

**Vedtak**

Kommunestyret vedtar kontrollutvalgets plan for forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll for perioden 2020 – 2023.

Samrøystes

---

**PS 2021/7 Felles innkjøpsstrategi for kommunane i Nord-Gudbrandsdal**

**Saksprotokoll i Kommunestyret 09.02.2021:**

**Behandling**

Representanten Kjell Brandsar fremma forslag om fylgjande redaksjonelle endring:

**6.3 Miljøvennlege innkjøp**

Anskaffelsesloven sier at kommunen skal legge vekt på å minimere miljøbelastninga ved innkjøpa sine. Kommunane kan stille miljøkrav og kriterium i alle trinn i innkjøpsprosessen der det er relevant og knytt til leveransen. Der miljø blir brukt som tildelingskriterium, bør det minst bli vektlagt 30 %. I desse kriteria kan det til dømes vektleggast lågt energiforbruk, lågt utslepp av klimagassar (eksempelvis CO<sub>2</sub> og NO<sub>x</sub>) og mengde resirkulerbart materiale.

Endre til:

**6.3 Miljøvennlege innkjøp**

Anskaffelsesloven sier at kommunen skal legge vekt på å minimere miljøbelastninga ved innkjøpa sine. Kommunane skal stille miljøkrav og kriterium i alle trinn i innkjøpsprosessen der det er relevant

og knytt til leveransen. Der miljø blir brukt som tildelingskriterium, bør det minst bli vektlagt 30 %. I desse kriteria kan det til dømes vektleggast lågt energiforbruk, lågt utslepp av klimagassar (eksempelvis CO<sub>2</sub> og NO<sub>x</sub>) og mengde resirkulerbart materiale.

Administrasjonssjefen orienterte om at lokal tilpassing til den regionale strategien, kan innarbeidast i ein ny del 3 i dokumentet.

### **Vedtak**

1. Lom kommune slutter seg til foreslått innkjøpsstrategi med virkningstidspunkt 01.01.2021.
2. Lom kommune presiserer at gjenbruk skal vurderast i alle innkjøp. Dette blir lagt inn i strategien, ny del 3.
3. Administrasjonssjefen skal gjera ei juridisk og innkjøpsfagleg vurdering av endringsforslaget som er fremma under behandling av saka i kommunestyret. Administrasjonssjefen får fullmakt til å gjere redaksjonell endring om nødvendig.

---

### **PS 2021/8 Strategisk plan - Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal 2021-2024 -**

#### **høyring**

#### **Saksprotokoll i Kommunestyret 09.02.2021:**

#### **Behandling**

Dagleg leiar i regionrådet Frode Damstuen innleia på saka

### **Vedtak**

Lom kommunestyre har følgjande innspel til Strategisk plan for Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal 2021-2024:

Med bakgrunn i allereie etablerte fagmiljø, skal regionen satse på eit høgare utdanningstilbod innan naturfag og friluftsliv.

Samrøystes

---

### **PS 2021/9 Dagsturhytte innlandet - Lom kommune sin deltaking**

#### **Saksprotokoll i Kommunestyret 09.02.2021:**

## **Behandling**

Administrasjonssjefen orienterte om tilslagn på tilskot frå Sparebank 1 Lom og Skjåk, og refererte banken sitt brev til kommunen:

*SpareBank 1 Lom og Skjåk har fulgt med i avisreportasjene som har omtalt Fylkeskommunens tilskudd til dagsturhytter.*

*I gårdagens utgave av lokalavisene kunne vi se vinnerutkastet fra arkitektkonkurransen.*

*Vi er gjennom reportasjene gjort kjent med at kommunenes egenandel blant annet vil være knyttet til tomtekostnaden.*

*SpareBank1 Lom og Skjåk har i vårt strategidokument som målsetting å prioritere og støtte prosjekt som skaper noe nytt i lokalsamfunnene.*

*Dagsturhyttene som skal være lett tilgjengelige for innbyggerne i alle aldersgrupper, og som samlingspunkt, ligger innenfor vår strategi.*

*Vi vil med dette tilby hver kommune kr 100.000 som tilskudd til tomtekostnadene, til sammen kr. 500 000.*

*Gjennom dette håper vi at dagsturhyttene kan bli realisert, og komme lokalbefolkningen og besökende i kommunene til gode.*

*Vi ønsker dere en fortsatt fin vinterdag og god helg etterhvert.*

## **Vedtak**

Lom kommune vil realisere ei dagsturhytte i tråd med føresetnadene i invitasjonen frå Innlandet fylkeskommune

Lom kommune ser det som mest realistisk å gjennomføre prosjektet i 2024

Lom kommune har på dette stadiet i prosjektet ikkje teke stilling til om dagsturhytta skal ha toalettanlegg og solselleanlegg

Samrøytes

---

## **OP 2021/1 Open post**